

MÅL OG MEINING

Tankar om nynorsken ved eit sekelskifteⁱ

Vi har feira eit hundreårsjubileum og vi har runda eit tusenårsskifte, og vi lever stadig, og nynorsken med oss. I desse etterjubileumstider må vi berre vedgå at nynorsken er frisk og rørleg og at han nok vil overleve alle oss som bruker han.

I moderne samfunn er mangt i endring og derfor kan det vere nyttig å halde oppe spørsmålet om kor ein står og kor ein går – slik òg med nynorsken. Kva er stoda og kva er oppgåvene? Eg skal her leggje fram nokre tankar om det som er oppnådd så langt, om det som er utfordringane vidare framover og om moglege strategiar for norsk målreising i åra som kjem.

Språket som språk

I moderne samfunn må eit språk på ein fleksibel måte kunne tilpasse seg ulike bruksområde og ulike stilformer og sjangrar. Ei standardinnvending mot nynorsken ved førre hundreårsskiftet gjekk ut på at nynorsken nok kunne nyttast i det tradisjonelle bondesamfunnet – også litterært, ikkje minst poetisk – men at nynorsken ikkje dugde i vitskapleg og filosofisk samanheng. Til dømes prøvde professor J.F.B. Storm (1836-1920) på fagleg grunnlag å vise at nynorsken, landsmålet, ikkje kunne nå opp til den abstrakte tenking, slik som i vitskap og filosofi.ⁱⁱ I ettertid kan denne innvendinga verke litt underleg, men det kan då vere verdt å minne om at ein intellektuell føregangsmann og målhovding som Arne Garborg stort sett skreiv dansk-norsk, og ikkje nynorsk, når han tok opp filosofiske emne. Slik er sjølvsagt ikkje situasjonen i dag. Nynorsken blir no brukt på alle felt og alle abstraksjonsnivå.

Nettopp fordi professor Storms argument mot landsmålet særleg galdt den abstrakte språkbruken, typisk for filosofien, er det spesielt interessant at nynorsken har stått påfallande sterkt just i norsk filosofi, frå tidleg etterkrigstid.ⁱⁱⁱ Ei lita historie kan illustrere dette ”hamskiftet”: I 1970 kom det ut ei filosofihistorie på nynorsk. Boka vart i fleire år brukt ved alle danske universitet, i konkurranse med tilsvarande bøker på dansk og bokmål. Då dansk Gyldendal fann ut at det var pengar å tene, vart boka omsett til dansk, og deretter vart ho også omsett til bokmål, etter 26 år på nynorsk aleine, og med om lag 60.000 selde eksemplar. Denne filosofihistoria, skriven på nynorsk, er i dag utgitt på tysk, dansk, svensk, bokmål, islandsk, russisk og engelsk; kinesisk omsetjing er på gang. Enno eit poeng kan nemnast. Ved omsetjing til bokmål viste det seg at det var éin skilnad mellom nynorskutgåva og bokmålsutgåva: I utgangspunktet var nynorskteksten ti sider kortare enn bokmålsteksten. Meiningsinnhaldet var identisk til siste detalj, men nynorsken kom først i mål! Måtte professor Storm rotere i si grav!

Men det var ikkje berre Storms innvendingar, om manglande filosofisk uttrykksevne, som måtte overvinnast. Somme meinte nok også at språket rett og slett var for tungt og traust.

Eg vil tru at alle desse innvendingane – om at nynorsken er ubrukande i filosofisk og vitskapleg samanheng og at han er for tung og traust – vart overvunne ved overgangen mellom 50- og 60-åra. Ved utgangen av 60-talet hadde nynorsken fått eit

nytt språkleie - i tillegg til dei som språket tidlegare hadde hatt – som viste at språket fungerer godt i moderne media. (Bokmålet fekk nok også ein ny og lettare tone på den tid. Grunnane kan vere fleire. Eitt poeng er dette: når språket blir brukt moderne media, i radio og fjernsyn, er det ikkje lenger så naturleg med Nationaltheaterets tradisjonelle talestil.) I denne perioden vart nynorsken samstundes etablert som språk for teori og refleksjon, akkurat idet universitets- og høgskulesektoren ekspanderte radikalt.

Dersom dei nemnde innvendingane mot nynorsken som moderne språk hadde vist seg å vere rette, ville nynorske aldri ha greidd overgangen inn i det moderne samfunn, som mellom anna er prega av etermedia og av forskning og høgare utdanning. Innvendingane frå folk som Storm ville ha vori fatale, dersom dei hadde vori sanne.

Ei heilt anna sak er det når det i dag finst dei som meiner at nynorske ikkje står sterkt nok innanfor visse sektorar, slik som kiosklitteratur og porno. Dette er ei bekymring på eit anna plan. Her er det ingenting i språket som skapar problemet. Alle turvande ord og uttrykk er vel kjende på nynorsk! Her er det derimot tale om ulike former for makt og prestisje. Slike former for sosial makt er det ikkje vanskeleg å forstå og analysere sosiologisk. Korkje språkleg eller intellektuelt byr det på problem. Men vi møter sjølv sagt alskens praktiske problem når vi vil gjere noko med slike maktforhold.

På bakgrunn av dei tradisjonelle innvendingane er det derfor interessant at nynorsken i dag står fram som eit godt og ny-kjapt mediespråk, i etermedia og i pressa – som talespråk til dømes i NRK og som skriftspråk til dømes i Dag og Tid – og som eit intellektuelt og teoretisk reflektert språk, i folkeleg filosofi så vel som i fagleg filosofisk prosa. På den eine sida, lett og enkelt, slik dei nye media krev det, på den andre sida, presist og tanketungt, slik språket også må kunne vere i eit moderne vitenskapsbasert og filosofisk reflektert samfunn.

Visst er det mykje grums og slurv i mediespråket. Her trengst betre opplæring og meir språkrøkt. Men det viktige og positive i vår samanheng er at nynorsken har greidd omstillinga inn i det vi kunne kalle ein ny og moderne språktone eller språkstil. Utan ei slik omstilling hadde nynorsken ikkje vori liv laga i eit moderne samfunn.

Tilsvarande er det sjølv sagt mykje krøkkete nynorsk i forskning og filosofi, liksom det på desse områda finst mange døme på krøkkete bokmål. Men stikk i strid med dei alvorstunge innvendingane mot nynorsken frå folk som Storm og Bjørnson har språket som språk greidd omstillinga, inn i dei vitenskaplege og filosofiske sjangrane. Det er det avgjerande, for at nynorsken skal kunne vere eit moderne språk for eit moderne samfunn.

Dette er ei gladmelding om det vi har oppnådd og om kor vi står. Men her ligg også oppgåvene og ventar på oss. Språket må ikkje berre dyrkast og odlast med tanke på ordformer og ordtilfang, eller bøyingsformer og grammatiske reglar. Språket må også dyrkast og odlast med tanke på vekslende sjangrar og varierende stil. Vi har høgprosa og lågprosa, vi har ulike former for folkeleg språk og for profesjonell sakprosa, vi har enkle utgreiingar og dobbeltreflekterte funderingar, vi har ekte og ærlege ytringar så vel som ytringar med ironisk distanse. Kort sagt, det trengst stadig ein skikkeleg innsats for å kunne ta vare på det mangfaldet i stil og sjangrar som vi må ha i eit moderne språk som skal nyttast i mange ulike samhengar.

Som grunnlag for slik språkrøkt trengst det så mangt, mellom anna ein innarbeidd sans for dei stilformer og sjangrar som vi allereie har, slik dei til dømes ligg føre i ulike former for religiøst språk i motsetnad til sakprosa, eller i ulike former for skjønnlitterært språk, men også slik dei ulike variantar av språktone og språkvalør speglar seg av i ulike rettskrivingsformer innanfor nynorsktradisjonen. Men i så måte bør ein aller helst ha ein viss kjennskap til heile språkspekteret, frå gammalt dansk, som hos Peter Dass og Ludvig Holberg, over dei moderne språkformer – frå bokmål til

nynorsk – og til norrønt mål. Her er det sjølvsagt ikkje tale om alt-eller-ingenting, men om meir eller mindre, slik at dette er ei open oppgåve for kvar og ein, ut frå føresetnadene til kvar einskild. Men det er eit viktig allment poeng at dyrking av sansen for ulike sjangrar og stilformer i moderne samfunn krev kjennskap til tidlegare sjangrar og stilformer i norsk og nordisk tradisjon.

I ei tid med mykje flytting og forandring er det viktig å spele på to hestar når det gjeld talemålet. Vi treng kamp for dialektane, men også ein innsats for normalisert nynorsk talemål – gjerne i fonetisk varierende regionalvariantar. Norsk rikskringkasting og Det norske teatret bør ikkje vere dei einaste fora for normalisert nynorsk tale (ved sida av dialektbruk). Eit skriftspråk bør kunne talast, jamvel om Noreg er eit dialektland og bør halde fram med det. Derfor bør ein meir enn tidlegare odle nynorsk talemål.

Dette er særleg viktig overfor utlendingar som vil lære norsk og som ikkje har forankring i nokon dialekt. For slike formål er det viktig å utarbeide og vidareutvikle innføringsmaterieil for nynorsk, der det inngår kassetar med nynorsk normaltale (slik det no er starta opp, mellom anna av Kringkastingsringen).

Samstundes bør ein kjempe for dialektane, både for at dialektbuk skal respekterast og for at dialektane skal haldast i hevd. Det siste er også viktig. Ei odling av dialektane bør samtidig vere retta mot nye bruksområde, slik at det ikkje er tale om eit musealt vern av ein statisk dialektbruk, men om sann språkrøkt. Dialektane bør vernast nettopp ved at dei blir brukte aktivt på nye felt, slik at dei kan fornyast på eigne premisser, både når det gjeld ordtilfang og formverk.

På mange måtar er situasjonen endra slik at vi ikkje lenger utan vidare kan appellere til folks naturlege talemål som om dette talemålet jamt over er ein eller annan fast og sikker dialekt. Endringane inneber at vi bør framheve det normsetjande ved den dialektbruken som er intakt, slik at folk held oppe kjensla for det som er ekte og for det som ikkje er det. Hand i hand med arbeidet for auka respekt for naturleg talemål og dialekt må vi derfor også arbeide for å odle dialektane i denne kvalitative forstand. Dette kan skje på ulikt vis. Det kan til dømes skje ved at ein i skule og i media ikkje berre viser til faktisk talemål, men også til det vi kunne kalle musikaliteten i god dialektbruk. Det finst god og mindre god dialektbruk på eigne premisser, ut frå ordval og formverk, men også ut frå fonetikk og diksjon, og dette kan demonstrerast ved lydopptak og ved kommentar. I den samanheng skal ein sjølvsagt syn vørðnad for faktisk talemål og ikkje vise vanvørðnad der talemålet er meir eller mindre oppblanda. Men vi bør samstundes arbeide for at folk held oppe sansen for at noko skurrar og noko stemmer - kort sagt, sansen for det som er umusikalsk og det som er musikalsk i forhold til ein gitt dialekt. Dette er eit arbeid som først og fremst bør rettast innover i lokalmiljøet, men det bør i prinsippet også rettast utover, mot dei som ikkje bruker den eller dei dialektane det er tale om, slik at det kan opparbeidast ei allmenn skjønsemd for det som er godt og for det som er mindre godt talemål.

Alt i alt ligg det her mange flotte utfordringar, både til utdanningssystemet, til dei som er språkleg nyskapande, og til alle oss som bruker språket til dagleg på den eine eller andre måten.

Språkstrategisk posisjon

Hundre år attende var den språkstrategiske posisjonen eit spørsmål om norsk skriftspråk mot dansk, og seinare mot riksmål. Den gongen var dansken, og noko seinare riksmålet, ein slags språkleg ”siste horisont” som var ”sjølvtilstrekkeleg” i den forstand at få

personar trong meir for å fungere i samfunnet som heile. Vi kunne seie det slik: Med dansk nådde ein til verdsens ende, i den verda der ein dengong levde. I dag er situasjonen ein heilt annan - med ny teknologi, nye kommunikasjonar, ny velstand, og med engelsk som eit verdsspråk og bruksspråk som "alle" må forhalde seg til. Anten det er i høgare utdanning, i underhaldning og popkultur, på turistreiser eller yrkesreiser, eller rett og slett på jobben, er i dag korkje dansk eller riksmål eller svensk – og heller ikkje fransk – "sjølvtilstrekkeleg" på same måte som desse språka, kvar på sitt område, var det for hundre år sidan. Sjølv sagt kan vi strengt tatt ikkje engelsk godt nok; vi er gjerne ikkje så gode i engelsk som vi ofte trur. Men like fullt er svært mange i dag funksjonelt "tospråklege" i den forstand at dei på eit eller anna nivå bruker engelsk i arbeid eller fritid. Det går ikkje utan. Dette er språkstrategisk ein radikalt ny situasjon.

På ein måte er dette ei hyggeleg melding for nynorsken. Relativt sett, i forhold til verdsspråket engelsk, er både nynorsk og bokmål i dag regionale heimstadspråk, som vi i større og større grad best kan forsvare ut frå vår historisk nedfelte identitet. "Praktisk sett" ville det ha vori greiast om vi alle hadde gått over til engelsk! Slik sett har vi fått ei språkstrategisk jamstilling mellom dei to norske skriftspråka. Dette er ein ny situasjon i forhold til stoda fram til utpå 50-talet. I dette ligg det, relativt sett, ei gladmelding for nynorsken.

Dette gir samtidig grunnlag for ein felles front, mellom brukarane av desse to skriftspråka, retta imot presset frå engelsken, anten det gjeld ordtilfang eller bruksområde (slik som i underhaldningsbransjen eller i reklamen).

Språk, klasse og identitet

Vi kan seie det slik: I det tradisjonelle samfunn *var* ein person dét ein var gjennom alle dei ulike gjeremål heile livet igjennom, anten det var som bonde eller arbeidar, embetsmann eller borgar. Klasseidentiteten var i stor monn noko gitt, og dét var også mange av dei andre sosiale rollene. I moderne samfunn er identitet noko som ein sjølv er med å forme i langt høgare grad enn tidlegare, og identitet er også noko som varierer med ulike roller i ulike kontekstar som vi dagleg går inn og ut av. Vi får gjerne andre yrke enn foreldra, vi skifter ofte yrke gjennom livsløpet, og vi kan på ein og same dag ha ulike roller og ulik sosial identitet avhengig av om vi er på jobb, i familien, eller har fritid.

Sjølv sagt er ikkje alt like omskifteleg og uforutseieleg i moderne samfunn. Jamvel om det er store endringar både i kjønnsroller og regional identitet, er det likevel stadig ein del meir eller mindre forutseibare skilnader, til dømes mellom kvinner og menn, mellom eldre og yngre, mellom nordlendingar og sørlendingar, eller mellom bergenserar og oslofolk, for den del. Men i den grad moderne samfunn er kjenneteikna av utskiljing av ulike handlingsrom og roller, slik at vi får problem med primærsosialiseringa – det vil seie, med danninga av felles meningskodar, normer og sosial identitet – så vil det i slike samfunn også vere eit sug nettopp i retning av det som gir samanheng og mening, nemleg sosial identitet. Dermed blir symbolproduksjon og identitetsdanning viktige spørsmål i moderne samfunn. Vi ser det for eksempel i draget mot nyreligiøsitet og nasjonale verdiar, i ekstreme former som *New Age* og politisk sekterisme.

Vi kan kort seie det slik: I jordbruksamfunnet var stendene klare og faste, og langt på veg var dette også tilfellet i industrisamfunnet, som i alle fall i den første fasen var eit markant klassesamfunn. Men når vi går over i eit vitskapsbasert og teknologibasert samfunn, blir informasjonsbehandling og formidling, liksom

symbolbehandling og symbolformidling, sentrale aktivitetar, samtidig som klasseidentiteten langt på veg blir forandra og svekt. Dermed blir kampen om folks identitet ein meir omfattande og avgjerande strid, og slik sett blir kultur – og ”ideologi” i denne forstand – viktigare enn før: Identitetsproduksjon og symbolmanipulering er viktige drag ved moderne samfunn.

Dette er sjølvsagt innfløkte og tvitydige saker. Her er trekk som kan bekymre oss, men her er også positive utfordringar. Kva er gladmeldinga for nynorsken oppi alt dette? Vi kan seie det slik: Når dei gamle ”merkesteinane” forvitrar – slik som klasse og stand – så oppstår det eit friare rom for identitetsdanning, og her har nynorsken sitt å yte og sitt å vinne. Om det blir færre bønder, og om vi i mindre grad enn før kan vere sikre på at ein bonde er målvenleg, så blir det også færre tradisjonelle embetsfolk, også av det målfientlege slaget, og færre kulturelt repressive pengefolk, mellom anna fordi dei fleste av oss har ein del pengar og fordi dei nyrike ikkje har same kulturelle prestisje som rikfolk tidlegare. Såleis er det i aukande grad eit opi spørsmål kva folk meiner om dette og hitt, anten det gjeld språk eller andre saker.

Dette er ei mangetydig affære. Men denne utviklinga opnar i ein viss forstand for aukande ”ideologisk” kappestrid, det vil seie, for auka kamp om folks identitet. I så måte gir denne utviklinga eit visst rom for alle som har organisatorisk og intellektuell kraft til å ta ei slik utfordring. For nynorsken inneber dette at den intellektuelle og kulturelle kampen blir endå viktigare enn i det meir stabile tradisjonsbaserte samfunnet. For nynorsken som element i ei reflektert sosiokulturell rørsle representerer dette ei positiv og spennande utfordring.

Kvifor to språk?

Dersom vi har rett så langt, vil følgjande spørsmål melde seg med stor tyngd: Nynorsk er greitt nok, men kvifor skal vi ha to språk som er så like – særleg når vi dessutan må lære engelsk i tillegg? Her er det fleire svar å gi, på litt ulike plan.

Det kan i utgangspunktet vere verdt å minne om at nynorsk er førstespråk for om lag ein halv million nordmenn, eller det dobbelte av folketalet på Island. Det kan også vere verdt å minne om at dette ikkje er noko eineståande tilfelle: I Ukraina for eksempel, som er eit lutfattig samfunn, blir det i dag satsa kraftig på å innarbeide og stø det ukrainske skrift- og talespråket, trass i at dette språket ligg svært nær russisk og trass i at alle i Ukraina kan russisk, som tidlegare var nesten einerådande som skriftspråk, og som også i dag er førstespråket til svært mange, ikkje minst i byane. Men framfor alt er det verdt å minne om at både nynorsk og bokmål er del av den felles språklege og kulturelle arven som alle oppegåande nordmenn må kunne forhalde seg til. Grunnlova er skriven på arkaisk dansk og sagalitteraturen på norrønt, liksom Ibsens dansk-norsk og Aasens landsmål bør sitje i ryggmergen på alle nordmenn. Slik sett har ”toget gått”. Det er ingen veg attende til eittspråkslina. Kulturelt er vi tvi-synte. Dette gjeld den språklege arven. Det gjeld litteraturen. Og det gjeld den kulturpolitiske moderniteten som dette har skapt i det norske samfunnet: Gjennom dei såkalla motkulturane har dei fleste av oss lært å leve med eit refleksivt tvisyn på kulturell dominans, på ein måte som både er moderne og postmoderne. Dette er utan tvil eitt av dei særdrag som har gjort Noreg til det samfunnet det er i dag. Slik sett har målstriden ikkje berre vori framgangsrik, men sigrande.

Når dette er sagt, har vi likevel ikkje sagt noko om dei konkrete formene som ein slik tospråkstilstand bør ha. Vi kunne konkretisere poenget slik: Vi er, som norske, ein del av dette kulturelle ”dobbeltregimet”. Ein framstående riksmålsmann uttrykte den

normative kjernen i dette ved å seie at den dagen det eine skriftsspråket skulle vinne over det andre, ville vi sitje igjen med den tapande part.

Konkret inneber dette at begge skriftspråk og heile den språklege fellesarven bør vernast, av oss alle i opplyst eigeninteresse. Men i første omgang er det nynorsken som står under press. Heile vår språkleg-kulturelle arv treng støtte, men nynorsken treng det mest. Derfor bør det bli gitt særleg støtte til nynorsken, til dømes i etermedia, i presse og bokproduksjon, og i utdanningssystemet og i alle offentlege verksemdar. Dette gjeld støtte i form av juridiske og økonomiske tiltak frå det offentlege, liksom det gjeld utbalansering av politisk og symbolbasert makt i samfunnet meir allment.

Dette argumentet omfattar full støtte til kravet om opprusting av morsmålsundervisninga på alle trinn. Det gjeld timetalet til morsmålsundervisninga, det gjeld den faglege utdanninga og den språklege holdninga hos lærarane, det gjeld det pedagogiske opplegget, og det gjeld innhaldet i undervisninga der dei språklege, historiske og kulturelle aspekta bør spele saman. Men kan hende bør vi, med tanke på det pedagogiske opplegget, i større grad enn tidlegare tenkje i differensierte grupper på høgare nivå i utdanninga, til dømes etter ungdomsskulen. Vi bør kunne spørje om den vidaregåande skulen med fordel kan differensierast, for eksempel ved ei utgreining i ei yrkesførebuande studieretning, ei studieførebuande retning, og eit praktisk-kulturell retning som i folkehøgskuletradisjonen, i tillegg til kravet om arbeidstilbod til alle unge. Rett nok lever vi i eit land der vi liker å integrere alt med alt og alle med alle, og langt på veg er dette ei verdifull holdning, men ikkje utan atterhald; og nettopp i utdanningssystemet er det truleg grunnlag for ei fornuftig differensiering på dei høgare nivå, noko som også kan omfatta språkopplæringa.

I desse sytjetider – då det hjå bortskjemde nordmenn ikkje er vanleg å stille krav, særleg ikkje til seg sjølv, og framfor alt ikkje kulturelle og intellektuelle krav – kan det vere på sin plass å minne om at norske språk er lette å lære og at innsatsen derfor ikkje er større enn at alle normale nordmenn må kunne tileigne seg begge skriftspråka her i landet. Samanlikna med språk som arabisk, finsk og kinesisk – og også meir nærskylde språk slik som fransk og tysk – er dei to norske skriftspråka temmeleg lette å lære, ikkje berre for dei som er fødde her til lands, men også for dei fleste som er her eller som kjem hit. Ikkje berre for folk med germanske morsmål, slik som tysk, engelsk eller nederlandsk, er dei skandinaviske språka relativt lette å lære, men truleg for alle med eit indoeuropeisk morsmål eller eit indoeuropeisk andrespråk, slik som engelsk. Det er til dømes lang veg å gå frå kinesisk til norsk; men det positive er då at dei kinesarane det her er tale om, i utgangspunktet om oftast vil kunne engelsk, og då er neste steg, til norsk, langt lettare. Dessutan er dei skandinaviske språka langt på veg som dialektar å rekne. Det skal ikkje mykje tilvenjing til før den som kan eitt av dei, forstår alle dei andre også. Alt i alt er det derfor fleire forhold som bør framhevast: Det er tale om språkleg skyldskap med andre nordvest-europeiske språk, norsk har ein rimeleg grei grammatikk (samanlikna med russisk eller tysk, for eksempel), og norsk har mange internasjonale låneord (meir enn islandsk, finsk eller kinesisk).

Dei poenga vi her har peikt på, rettar seg primært mot to målgrupper. (i) Dei er retta mot nordmenn som er kulturelt uinteresserte og språkleg ureflekterte og som derfor opplever det som tungt å skulle forhalde seg til to norske skriftspråk. Overfor desse bør vi understreke, som sant er, at dei to norske skriftspråka relativt sett er lette å lære og lette å forstå, og at identiteten vår som nordmenn inneber at vi har eit visst forhold til begge språka. (ii) Desse poenga bør også rettast mot utlendingar som gjerne vil bu her i landet, men som ikkje ser poenget med å lære norsk, eller i alle fall ikkje med å lære meir enn eitt norsk språk. Overfor desse bør vi framheve, som sant er, at dette er språk som det er lett å lære, samtidig som vi bør understreke at ein aldri blir norsk utan å

kjenne norsk språk i alle nyansar og versjonar. Grunnlova er skriven på gammalt dansk og sagalitteraturen er på norrønt – så lett og så spennande er det å vere her, anten ein har lang eller kort fartstid i landet.

Folkelege rørsler og folkelege elitar

Det kan vere mange grunnar til at folk kjenner seg heime i nynorsk språk, og det kan vere mange grunnar for at ein aktivt vél å bruke nynorsk, jamvel om ein ikkje er vaksen opp med dette skriftspråket. For mange er språket så å seie medfødt. For andre kan det vere sosiale, språklege eller nasjonale grunnar som fører dit. Grunnane kan, her som så ofte elles, vere av mange slag. (Det finst t.d. bokmålsfolk som opplever det som ei interessant røynsle når dei i vaksne år gir seg til å skriva på nynorsk, som eit frigjerande eksperiment med eigen identitet ved veksling av språk.) Det er derfor ikkje slik at nynorsken heng på éin bestemt ideologi, og bra er det. Derfor er det ikkje beint, og heller ikkje udelt ønskjeleg, å skulle peike ut ein samlande grunnvoll for alle nynorskbrukande, i alle fall ikkje i form av ein felles ideologi.

Men likevel finst det visse historiske røter og røynsler som vi på ulikt vis har felles, anten det er tale om oss som skandinavar, som norske, eller som målfolk. Dette er sjølvstøtt innfløkte saker, så her bør ein trø varleg. Når det er sagt, kunne vi likevel peike på at målrørsla på ein interessant måte inngår i dei folkelege rørsleane som utgjer eit avgjerande grunndrag i den norske moderniseringsprosessen. Her gjekk politiske, sosiale, økonomiske og kulturelle faktorar hand i hand. Her var eit sterkt dannelsesideal, både politisk og kulturelt. Dette er ein variant av den nordiske utforminga av folkereising og folkedanning. Her inngjekk folkeopplysning, men også eit vidare dannelsesideal ved eit samspel mellom folkelege elitar, som på ulikt vis identifiserte seg med folket, og folkelege rørsler, som hadde tillit til dei folkelege åndshovdingane. Det var korkje flat struktur eller utvendig hierarki. Det kulturelle dannelsesidealet omfatta både folkeleg forankring og energisk eigeninnsats.

Til illustrasjon kan det vere på sin plass å minne om den franske nordisten, professor Erica Simon ved universitetet i Lyon, som vart så fascinert av nordisk folkedanning at ho skreiv ei omfattande doktorgradsavhandling om den nordiske folkehøgskulen. Ho såg kontrasten til eit Frankrike med ein homogen og hegemonisk kultur, men for dei få. Inspirert av den nordiske ideen om folkedanning, der ein dannar og utdannar seg utan å distansere seg frå sine folkelege røter, gjekk ho i gang med å skipe eit fransk-afrikansk senter, slik at folk frå dei franske koloniane skulle kunne få utdanning utan å bli sosialiserte bort frå sine egne. Vi kunne seie at Erica Simon såg den nordiske forkedanninga som ”Nordens diskre sjarm”, vel verdt å eksportere til andre himmelstrok!

Frå Hans Nielsen Hauge til i dag er det vel nettopp dei folkelege rørsleane og dei folkelege elitane i det sivile samfunn som har vori med å gjere Noreg til eit folkeleg land. Dette er eit viktig punkt, som er for lite framme i debatten reint allment og ikkje berre med tanke på språksituasjonen. Dette er den sosio-kulturelle sida av det forhold at målrørsla politisk sett primært var knytt til dei demokratiske kreftene i moderniseringsprosessen.

Desse folkelege rørsleane utgjer historiske røynsler som på sett og vis enno er med å prege visse sider ved våre nordiske samfunn. I norsk samheng har målrørsla på ein sær eigen måte vori ein del av dette. Saman med dei andre såkalla motkulturane har målrørsla vori ei av dei sosio-kulturelle kreftene som har lært oss nordmenn å leve med eit visst kulturelt mangfald, allereie på eit tidleg stadium i moderniseringsprosessen. I

dag er tilsvarande læringsprosessar noko som dei fleste vestlege land gjennomlever. Hegemonisk og homogen kulturell makt blir utfordra av kulturelt mangfald.

Nynorsken har vori med og lært oss til å leve med kulturelle spenningar og kulturelt mangfald innanfor ein nasjonal kultur. Ikkje fordi målfolk ville det slik, men fordi det vart slik. Dette er velkjent. Men kanskje er det mindre kjent at riksmålsfolk av Bjørnsons type nettopp reagerte mot målrørsla fordi han og hans likemenn oppfatta målrørsla som nasjonalt splittande: Landsmålet verka undergravande på den nasjonale einskapen! Landsmålet var ein subversiv fare for den kulturelle og politiske einskap. I dag, eit kuriøst syn, men ikkje dengong – eit døme: I vedtektene ved Langegården på Fjøsanger utanfor Bergen var det i mellomkrigstida ein passus om tre farlege fraksjonar som vart nekta tilgang til eigedommen: kommunistar, sosialistar og målfolk. Ut frå idealet om ein homogen og hegemonisk kultur skulle landsmålet nedkjempast!

Slik fekk vi her til lands den situasjon at det var målrørsla som alt i alt vart ei drivande kraft i opplæringa til kulturelt mangfald, medan ideen om ein homogen og hegemonisk kultur med størst kraft vart forsvara av frontfigurane i riksmålsrørsla. I tilspissa ordelag: målrørsla, som historisk sett var knytt til det demokratiske venstre, vart ei av kreftene til fremjing av sansen for kulturelt mangfald, ei anerkjenning for ”det andre” som nettopp pregar moderne samfunn.^{iv} Slik sett er vi alle blitt annleis, kvar på vårt vis.

Samlande kan vi kanskje seie det slik: Vi har, og vi bør ha, ein norsk kultur som er felles for alle, men norsk kultur omfattar samstundes spenningar og mangfald. Som norske var vi alt i utgangspunktet ”fleirkulturelle”.^v Utan dette ville landet ha vori mindre spennande. Og nettopp i denne forstand kan vi i dag stolt forsvare vår særmerkte tospråkssituasjon, med dialektmangfaldet som eit fargerikt og regionalt bakteppe.

Alt dette kan vere med å gi ”mål og mening” i ei postmoderne tid, der ingen heilt kjem fri frå det eksistensielle grunnspørsmålet:^{vi} Kva er poenget med å vere her?

ⁱ Ein tidlegare variant av denne artikkelen stod i antologien *Austlandsmål i endring*, Oslo, Det norske samlaget, 1999.

ⁱⁱ Jf skriftene *Det norske Maalstræv* (1878), *Norsk Sprog, Kraakemaal og Landsmaal* (1896), og *Landsmaalet som Kultursprog* (1903).

ⁱⁱⁱ Jf Gunnar Skirbekk, ”Vi er mange – og aparte. Kunnskapssosiologiske funderingar om filosofi og politikk” i *Filosofi på norsk I*, utg. Inga Bostad, Oslo, Pax, 1995 (27-41), og ”Filosofi på frammarsj”, i *Vit og vitenskap*, Gunnar Skirbekk, Bergen, Fagbokforlaget, 1998 (130-139).

^{iv} Jf Gunnar Skirbekk, ”Kva forstår vi med eit fleirkulturelt samfunn?”, *Syn og Segn*, 4/1998 (296-313).

^v For mine tolkingar av dette emnet, jf m.a. Gunnar Skirbekk, ”Schweigaard og den norske tankeløysa”, i *Ord*, Oslo, Det norske samlaget, 1984 (131-146), og ”.. i refleksjonens mangel.. ”, i *Til Djevelens forsvar*, Bergen, Universitetsforlaget, 1987 (63-82). Med eit anna perspektiv, også ”Nasjon og natur”, *Ord*, Oslo, Det norske samlaget, 1984 (13-22).

^{vi} Vidare funderingar i same gate, sjå Gunnar Skirbekk ”Språk og eksistens” i *Kontur og kontrast*, utg. Bjarne Fidjestøl, Otto Hageberg og Sigurd Skirbekk, Oslo, Det norske samlaget, 1967. Om modernitet og postmodernitet, Gunnar Skirbekk *Vit og vitenskap, postmodernistisk ordbok om modernitetens babelske forvirring*, Bergen, Fagbokforlaget, 1998.